

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Tilsvaret til høyringsuttale frå Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal

Miljøpartiet Dei Grøne hevder at linjekapasitet ikkje er godt nok beskrevet. Dette kan nok tyde på at dei antageleg ikkje har lest heile søknaden med vedlegg. Nedanfor er gjengitt eit utdrag av Vedlegg nr 8 – Tilknytning og drift av småkraftverk på Aurdal – som syner til at det ikkje vil oppstå flaskehalser i eksisterande distribusjonsnett. I tillegg vert og den nye 420kV- linja frå Fardal til Ørskog ferdig utbygd før Aurdal Kraftverk vert sett i drift. Nettkapasitet er altså ikkje eit problem. Sjå ellers også høyringsuttale frå Istad Nett AS. Kva som ellers er situasjonen i andre deler av regionen har ikkje innverknad på situasjonen i Sykkylven. Sykkylven vil fortsatt vere ein netto ”importør” av elektrisk energi sjølv om alle planlagde kraftverk vert utbygde i kommunen.

1. Tilknytning av kraftverk.

Basert på de opplysningene vi er i besittelse av, vil kraftverket bli koblet til Nettsatsjon / Trafo nr 185, Rongane (se kart). Nettstasjonen nr 185 er koblet til 22KV høyspentlinje med kabel, type TSLE 3x1x50AL. Med en installert effekt i kraftverket på mellom 2 og 2,5 MW, viser en grovanalyse fra Netbas at det ikke vil oppstå flaskehalser i eksisterende distribusjonsnett med dagens belastning. Kostnader i forbindelse med å knytte kraftverket til nettstasjonen, inklusive ombygging i denne vil skje for utbyggers regning.

Vidare er fråsegna frå Miljøpartiet å tolke slik at all utbygging av småkraftverk er livsviktig. No er det slik at ingen kan garantere at ein elektro-/mekanisk installasjon skal ha ei 100 % oppetid. I tillegg så er det her snakk om eit elvekraftverk og eit elvekraftverk har ikkje eit reservoar å tære på i tørre perioder. Ved langvarige perioder med lite eller ingen nedbør kan eit elvekraftverk difor mangle vatn til produksjon av elektrisk energi og må då stoppe. Det er også planlagt ei minstevassføring i elva.

Aurdalselva kan ikkje karakteriserast som viktig i forbindelse med rekreasjon eller turisme. Elva renn i ein trong dalbotn med relativt tett skog på begge sider og er ikkje særleg lett tilgjengeleg. Rett nok er eit granfelt nyleg hogd ut på ein del av nordsida, men dette hogstfeltet er planta til att og elva vil om få år vere like gøymd og utilgjengeleg som tidlegare.

Når det gjeld anadrome fiskeslag er tilhøva for disse godt dokumenterte i både eldre og nyare undersøkingar. Det er ikkje lokalisert sjøaure ovanfor ”Storhølen” i Aureelva. Dette er altså fleire kilometer nadanfor kraftverket og i elva som renn ut av Andestadvatnet. Aurdalselva renn inn i Andestadvatnet.

Kva fjerning av søppel, reinsing av kloakk og tilsig frå jordbruket har med kraftutbygging å gjere trengs ei nærare forklaring på.

Miljøpartiet Dei Grøne har ikkje tilført saka noko nytt og har heller ikkje dokumentert eller konkretisert noko form for negative verknader ved utbygging av Aurdalselva.

For Aurdalselva Fallrettslag SA

Karl Skotte
Leiar